

SAMARBEIDSAVTALE
MELLOM
HØGSKULEN I VOLDA
OG
STUDENTSAMSKIPNADEN I VOLDA

1. FORMÅL

1.1 Formål og felles mål

Høgskulen i Volda (HVO) har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Høgskulen skal, i samarbeid med Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda), legge tilhøva til rette for eit godt studiemiljø og arbeide for god studentvelferd på lærestaden.

Partane skal i fellesskap bidra til utvikling av ein attraktiv studiestad i Volda. Partane har eit felles mål om å skape gode velferdstilbod for studentane med gode rammer for læring og trivsel, som resulterer i gode studentopplevingar og høg grad av studiegjennomføring.

1.2 Formelle rammer

Partane viser til følgande formelle retningslinjer for samarbeidet mellom høgskolen og studentsamskipnaden:

- Lov om studentsamskipnader av 14.12.2007 nr 54
 - Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.2005 nr. 15
 - Forskrift om studentsamskipnader av 22.07.2008 nr 828,
- alle med seinare endringar.

Utover desse retningslinjene og utover det som går fram av denne avtalen, ligg ordinære forretningsmessige prinsipp til grunn og gir såleis ingen bindingar på partane sine preferansar ved kjøp og sal.

2 SAMARBEIDSFORMER

2.1 Gjensidig informasjon og kontakt

Partane forpliktar seg til å etablere eit opplegg for gjensidig representasjon, informasjon og kontakt i samsvar med gjeldande lovgiving.

2.2 Møtepunkt

Partane skal gjennom sine representative organ informere kvarandre løpande om alt som har betydning for samarbeidet.

Partane skal avhalde administrative samarbeidsmøte ved behov, og minst ein gong i året.

Det skal arrangerast felles møte mellom leiinga i Studentparlamentet, HVO og SiVolda minst ein gong i semesteret.

3. BUDSJETT- OG RAPPORTERINGSRUTINAR

3.1 Budsjettframlegg

I samband med fordelinga av midlar til fellestenestene ved HVO må SiVolda kome med framlegg til budsjett for både drifts- og investeringsmidlar. Fristen er sett til 15. november. Framlegg til større vedlikehaldsmidlar må ligge føre innan same dato.

3.2 Rapportering

SiVolda skal rapportere om bruken av midlane for føregåande år innan 01.05. kvart år.

4. VIRKSOMHETSOMRÅDER OG FUNKSJONER SOM TILKJEM FRISTASJON

4.1 Den allmenne fristasjonsregel

HVO stiller gratis lokale med tilhøyrande basisutstyr til rådvelde for SiVolda og sørger for reinhald, lys og varme, vatn og renovasjon. Med basisutstyr meiner ein vanleg og nødvendig utstyr og inventar.

Ordinære driftsutgifter som telefon, kopiering og rekvisita dekkast av SiVolda.

I samband med høgskulen sine innkjøp av varer og tenester ved anbod skal SiVolda ha rett til å uttale seg om dei innkjøpa som eventuelt kan påverke SiVolda si verksemd direkte, før anbodsprosessen blir sett i verk.

I samband med møter som er ein del av samskipnaden si ordinære verksemd, får SiVolda høve til disponere nødvendige møtelokale innanfor dei rammer som høgskolen sin romdisponering gjer mogeleg.

4.2 Kantine

- SiVolda har ansvar for å yte kantineservice til høgskolen sine studentar og tilsette, og samt andre som leiger lokale av HVO. Partane er samde om at talet på kantiner på campusområdet ikkje kan endrast utan at HVO godkjenner dette.
- HVO dekker innkjøp og vedlikehald av utstyr til kantine (som eksempel maskiner til kjøkken, inventar i spiselokala og service og bestikk).
- SiVolda dekker utgifter til råvarer, inkl. utgifter til reine forbruksvarer, til propan og til alt personell.
- Ordinært reinhald er inkludert i HVO sin reinhaldsavtale.
- SiVolda kan utplassere automatar til omsetting av mat, drikke, sjokolade mv. Utplassering skal vere godkjend av HVO.
- Kantinedrifta skal i størst mogleg grad ha opningstider tilpassa HVO sine opningstider, og studentane sine behov. SiVolda skal arbeide for at prisane på produkt som seljast i kantina har eit studentvennleg nivå.
- Ved servering av alkohol i HVO sine lokale skal SiVolda stå som ansvarleg etter gjeldande skjenkereglar for Volda kommune.
- I tillegg til den ordinære kantinedrifta kan SiVolda engasjere seg i verksemd av ordinær forretningsmessig art. Slik verksemd må ikkje kome til fortrensel for HVO sin verksemd. Ved utleige av rom til møteverksemd, der det skal vere bevertning, skal SiVolda så for servering av mat og drikke, om ikkje anna er avtalt i særlege tilfelle.
- Pålegg frå offentlege styresmakter om utbetringar prioriterer partane svært høgt. SiVolda har meldeplikt til HVO (Statsbygg), som eig lokala, når slike pålegg vert mottekne.

4.3 Bokhandel

HVO stiller lokale til rådvelde for drift av bokhandel ved å yte fri husleige, lys og varme til SiVolda. Fristasjon til bokhandeldrift omfattar ikkje inventar, utstyr og innreiing i bokhandelen.

I dag driv Akademika bokhandel på campus. SiVolda har ikkje innvendingar til dette. Dersom det kjem endringar i bokhandeldrifta har SiVolda rett til å ta over bokhandeldrifta, eller kome med innspel til ny drivarar.

4.4 Administrasjonen ved SiVolda

- HVO yter fristasjon til SiVolda sin administrasjon i Elvegata 24.
- Nødvendig basisutstyr blir dekt av HVO (sjå pkt. 4.1). Posthenting inngår i fristasjon.
- SiVolda dekker sjølv andre utgifter som datautstyr, kopieringsutstyr, dataprogramvare, rekvisita, safe og anna forbruksmateriell knytt til sitt kontorhald.



5. STUDENTRÅDGIVAR, PSYKOLOGISK RÅDGIVAR OG HELSESTASJON FOR STUDENTAR

5.1. Rådgivartjenester for studentar

HVO og SiVolda samarbeider om drift av sosial rådgivartjeneste for studentane. SiVolda organiserer tilbodet om sosial rådgivartjeneste for studentar ved HVO.

5.2. Psykologisk rådgivartjeneste

HVO og SiVolda samarbeider om drift av psykologisk rådgivartjeneste for studentane. SiVolda organiserer tilbodet om psykologisk rådgivartjeneste for studentar ved HVO.

5.3. Drift og kostnader

Sosial og psykologisk rådgivartjeneste inngår som ein del av fristasjon på linje med SiVolda sin administrasjon ved HVO.

HVO dekker halvparten av kostnadane knytt til desse rådgivartjenestene. SiVolda fakturerer HVO for desse tenestene to gongar i året med forfall 30.04 og 30.09.

I budsjettprosessen skal det avtalast ei kostnadsramme for påfølgjande år som partane må halde seg til.

5.4. Helsestasjon for studentar

HVO og SiVolda samarbeider med Volda kommune om Helsestasjon for studentar. Det er inngått ein eigen avtale om dette, og denne avtalen vert årleg evaluert.

6. TENESTER SOM PARTANE YTER TIL KVARANDRE MOT BETALING

6.1 Data og telefoni

Det vert inngått eigen avtale om datatenester og telefoni.

Avtalen gjeld arbeidsplassar i kontorlokale, kantine, bokhandel, barnehage, samt studenthyblar.

6.2 Utleigeverksemd

HVO og SiVolda kan inngå eigen avtale om utleige og tildeling av lokale ved utvalde deler av campusområdet om partane finn dette tenleg.

7. VELFERDSBYGGG/-LOKALER

7.1 Studentkro/Studenthus

Aktiviteteane på studenthuset er svært viktige for studentane sitt sosiale liv. HVO og SiVolda vil arbeide for at aktiviteten her kan utviklast vidare. HVO yter kr 650 000 til drift av Studenthuset i Volda frå 2024. Dette tilskotet fell ikkje under reglane om indeksregulering, men ei eventuell auke skal vere gjenstand for vurdering i samband med budsjettprosessen det enkelte år.

7.2. Studenthytte

SiVolda har intensjon om å bygge ny studenthytte.

Partane er einige om at det vert inngått ein eigen avtale om bruk av denne for studentar og tilsette ved HVO.

8. INTERNASJONALE STUDENTAR

8.1 Utvekslingsstudentar

- SiVolda reserverer eit avgrensa tal studentbustadar for internasjonale studentar/ innreisande studentar.
- Det vert gjort avtale for eit år om gongen ut frå innmeldt behov frå HVO. Avtalen skal ligge føre så tidleg som mogleg, og seinast 15. juni kvart år. Endring av behov for vårsemesteret skal meldast seinast 1. desember året før, og dette behovet må ikkje overstige behovet som er avtalt for haustsemesteret.
- Dei internasjonale studentane betalar vanleg husleige, og følger vanlege reglar for oppseiing. I haustsemesteret går leigeavtalane frå 1. august, og for vårsemesteret frå 1. januar.
- SiVolda og HVO skal i fellesskap prøve å fyller opp reserverte hyblar dersom desse vert ståande tomme.
- Dersom dei reserverte bueiningane vert ståande tomme og ein ikkje får leige dei ut til andre, skal økonomisk tap delast likt mellom HVO og SiVolda.

8.2 NIS-studentar

- SiVolda vil kunne reservere inntil 20 hyblar for NIS-studentar. Talet på hyblar skal avtalast årleg, og melding om behov skal meldast til SiVolda innan 15. juni kvart år.
- Hyblane vert reservert for eit år om gongen.
- NIS-studentane betalar vanleg leige, depositum og har vanlege reglar for kontraktperiode, tildeling og oppseiing.
- HVO og SiVolda deler det økonomiske tapet likt dersom desse hyblane vert ståande tomme før og etter kontraktperiode med den einskilde student, eller studentane forlet Volda utan å gjere opp for seg.

8.3 Bankkontoordning for internasjonale studentar utan D-nummer

- I samband med at dei internasjonale studentane må søknad om opphaldsløyve har partane etablert ei reint praktisk ordning for etablering av depositumskonto for innreisande studentar.
- Si Volda opprettar bankkonto i sitt namn som depositumskonto for innreisande utanlandsstudentar som skal ta utdanning ved HVO.
- HVO har ansvar for inneståande midlar på kontoen, administrer ordninga og skal ha disposisjonsretten til denne kontoen.

9. Andre avtaleforhold

9.1. Regulering av prisar

Alle prisar i denne avtalen vert regulerte kvart år i høve konsumprisindeksen per 15.05. Indeksen pr 15.05.23 vert sett som grunnlag.

9.2. Semesteravgift

HVO krev inn pliktig avgift med heimel i lov om studentsamskipnader.

Dersom HVO krev inn andre avgifter i samband med innkreving av semesteravgifta, skal ein gjere merksam på kva som er semesteravgift og kva som eventuelt er anna avgift.

9.3. Avtaleperiode og oppseiing

Denne avtalen gjeld løpande frå dagens dato. Kvar av partane kan seie opp avtalen med 6 månaders skriftleg varsel.


Avtalen skal evaluerast minst kvart 3. år, og eventuelle endringar skal innarbeidast i avtalen.

Eigne avtaler knytt til enkeltpunkt i denne avtalen, eller framtidige samarbeidspunkt som ikkje er omtalt i denne avtalen, skal leggest ved som vedlegg til denne avtalen.


9.4. Handsaming av tvistar

Eventuelle tvistemål i samband med dette avtaleforholdet skal avgjerast av de alminnelege domstolane. Sunnmøre tingrett er verneting.

Volda, 15. juni 2023



Jan Henning Egset
Adm.direktør
Studentsamskipnaden i Volda



Ann Kristin Emblem
Høgskoledirektør
Høgskulen i Volda